

"Varden"

Merknader

om nokre feil og mistak i den faktiske framstilling frå
Undersøkelsskommissjonen av 1945 når det gjeld
riksrådforhandlingane

Av NERI VALEN

I. Stortingsmøta 9. april 1940 og Elverumsfullmakta.

Bakgrunnen for dei underhandlin-
gar som Presidentskapet saman med
representantar for dei politiske parti
og fleire førde med tyskarane su-
mared 1940, var forhandlingane i
Stortinget på Hamar og i Elverum
den 9. april.

Kampen mot nasistane og mot tys-
karane ute og heime gjennom 5 år
førde med seg at desse forhandlin-
gar etterkvart blei omvurdert og
innhaldet forakva i ljøs av det som
seinare hende.

I eit skrift om okkupasjonen av
landet vart som professor Worm
Müller skreiv i England under krig-
gen, nemnar han frå Stortingsmøtet
i Elverum fullmakta til riksstyret
og utpåkling av 3 konsultative stats-
rådar. (Det konsultative statsråd
blei elles ikkje peika ut i Stortings-
møtet). Han tek ikkje med det som
var det eigentlege vedtak i Elverum,
nemleg oppnemning av ein trimanns
kommissjon til saman med utanrika-
ministeren å underhandle med tys-
karane på grunnlag av det tyske ul-
timatum frå morgonen 9. april.

Det er naturleg at Riksstyret i

propagandaen under krigen berre
nemnde fullmakta til riksstyret og
det som blei sagt under Stortingamø-
tet om at riksstyret i tilfelle kunne
dra ut av landet — og ikkje nemnd
noko om framlegget frå riksstyret
og vedtaket i Stortinget om for-
handling med tyskarane. Denne pro-
pagandauforming tok til med regje-
ringsfråsegn av 24. juni 1940.

Men for Presidentskapet og for
dei andre politikarar som var i El-
verum, var det samrøystes stortings-
vedtaket om underhandling med tys-
karane det eigentlege politiske inn-
hald av møtet. Og forsumaren 1940
hadde ingen propaganda enno skip-
la inntrykket frå og minnet om mø-
tet. Det stod difor klart for politi-
karane under alle dryftingar i 1940
at Stortinget i Elverum samrøystes
var villjug til å gå med på ei semje
med tyskarane «som Danmark»,
men at ein slik skipnad ikkje kom
i stand fordi tyskarane den 10. april
daga utan kravde at Quisling skul-
le skilja Riksstyret.

Etter det fyrste Stortingamøtet på
Hamar hadde Kongen, Kronprinsen,
riksstyret og nokre representantar
for Stortinget ein konferanse, og
der låg det føre ei oppmoding frå

den tyske minister Bräuer om å
gjeva opp motstanden. Bräuer viser
til Danmark, der den danske regje-
ring rektignok av formelle grunnar
har protestert, men likevel faktisk
har godteki dei tyske krav. (Sjå Bi-
lag Bind II side 258). Det er i den-
ne oppmoding frå den tyske mini-
ster ikkje noko som peikar på —
slik som det i Bilaget er slegi fram-
på om — at tyskarane ville gjeva
opp eller dempe på sine krav i ul-
timatumet frå om morgonen.

Bilaget opplyser også at statsråd
Hjelmtveit har notert frå konferan-
sen: «Konferansen drøftet mulighe-
tene for å ta opp forhandling med
tyskerne, slik at vi under protest
godtok kravene, fordi vi ikke hadde
makt til å sette oss mot en okkupa-
sjon — altså omlag som Danmark
gjorde.....».

I ettermiddagsmøtet på Hamar
gjorde riksstyret framlegg om å ta
opp slike underhandlingar med tys-
karane. Statsminister Nyggårdsvold
sa: «Presidenten har redegjort inn-
gående både for det som taler for at
vi fremdeles skal gjøre den største
motstand og det som taler for at vi
tar opp forhandlingar med Tyskland
og — la meg si det — ordner oss
på samme måte som Danmark har
gjort det». (Stortingstidende 1940,
s. 745).

Framlegget frå riksstyret blei sam-
røystes vedtekt av Stortinget om
kvelden i Elverum.

Når det i Bilag Bind II s. 262 hel-
ter at det ikkje blei noka formell vo-
tering, er det urektig. Som ein vil
sjå (St. side 748), blei det votert på
vanleg og fullt formell måte i Stor-
tinget over framlegget.

Det som låg føre for Stortinget
den 9. april uttrykte president Ham-

bro alik: «.....man har å treffe val-
get mellom en kapitulasjon like over-
for en fremmed makt eller en etab-
lering av ytterst innviklet krigstil-
stand i landet». (St. side 742) og
litt seinare ei dette syeblikk vil det
være nødvendig at Stortinget tar
definitivt standpunkt til det spør-
smål hvorvidt man skal oppta for-
handlinger med de tyske myndighe-
ter i Oslo eller om man skal fortset-
te forsvaret med de midler man har
til rådighet.....».

Og etter voteringa sa president
Hambro: «Vi håper ganske sikkert
alle at det vil gå alik at disse for-
handlinger kommer i gang og at Stor-
tinget, med de innskrenkninger som
måtte bli en følge av situasjonen,
kan fortsette å gjøre sin gjerning». (St. s. 751). Og dette forma han nær-
rare ut i eit seinare innlegg. (St.
side 753) — «og jeg går ut fra at
regjering og Storting vil kunne fort-
sette omtrent på samme måte som
regjering og riksdag i Danmark fort-
setter sitt arbejde, innen den snevre
ramme som er gitt».

Av det som er sitert av statsråd
Hjelmtveita «opplegninger», og av
det som kom fram i Stortingsmøtet
— og her har ein det stenografiske
referat — gjeng dei fram at Stor-
tinget samrøystes slutta seg til eit
framlegg frå riksstyret om å ta opp
underhandlingar med tyskarane om
ei avtale bygd på det tyske ultima-
tum frå morgonen 9. april på same

måte som Danmark alt hadde fått
si avtale, bygd på det tilvarande tys-
ke ultimatum til Danmark. Men al-
le var sjølvstakt klår over — og det
blei nemnt av fleire — at det kunne
koma vanskar i vegen for den av-
tala ein tenkte seg. Det blei under
ordskiftet ogso nemnt eit, spesielt

101432

"Varden"

vilkår frå norsk side. Statsminister Nygårdsvold sa: «at vi først og fremst måtte få Quisling ut og kanskje heller inn».

I staden kom tyskarane den 10. april med eit nytt krav om Quisling som statsminister, og på spørsmålet Quisling stranda forhandlingane om avtale.

Når mange, til og med av stortingsmenn, no etter krigen kan vera i tvil om kva Stortinget i Elverum vedtok, er det eit resultat av den norske propaganda i krigens år. For dei politikarane som forsumaren 1940 var med under riksrådforhandlingane, stod det heilt klart, og det blei ofte nemnt, at Stortinget i Elverum var samd om å ville ha ei avtale med tyskarane som Danmark, dersom ein berre hadde komi utanom Quisling.

Som bakgrunn for riksrådforhandlingane høyrer ogso med at stutt tid etter Elverumsmøtet kom underhandlingar i gang i Oslo om å få Quislingstyret burt. Og Høgsterett i samarbeid med tyskarane nemnde opp Administrasjonsrådet. I den okkuperte del — og etter som okkupasjonen skreid fram, i ein stadig større del — av landet var det eit sterkt ønske og eit krav om å ha ei avtale med tyskarane om norsk styre i landet. Dei politiske parti gjorde det dei kunne for å halde oppe Administrasjonsrådet, men då det arbeidet ikkje førde fram, kom underhandlingane i gang om eit Riksråd for å få ei avtale med tyskarane om eit norsk styre utanom Quisling.

Når det gjeld Elverumsfullmakta til riksstyret, har det gjenfer seg ei tilsvarande omvurdering.

X Fråmlegget frå president Hambro med fullmakt til regjeringa blei ikkje formelt vedtekt av Stortinget i Elverum. Men det er ingen tvil om at dersom det var blitt votering, ville fråmlegget ha blitt samrøystes vedtekt. At det ikkje blei votering, kan vera eit uheld, men heng helst saman med at Stortinget såg det slik som president Hambro sa: Stortinget bekrefter alene ved sin beslutning den generelle adgang til å gi provisoriske anordninger, som regjeringen har i den tid da Stortinget ikke er samlet. Det var soleis uturvande å gjera eit slikt vedtak. Og dersom vedtaket skulle ha hatt rettsverknad, måtte det ha vori gjort i heilt andre former enn som eit vanleg Stortingsvedtak.

Ein annan ting er det at denne «Fullmakta» moralsk og propagandamessig hadde det største verd for riksstyret i krigens år og med rett blei nytta i kampen.

Frå fyrst av blei fullmakta ikkje nytta i propagandaen. Ho er soleis ikkje nemnt av riksstyret ved proklamasjonane her i landet. Heller ikkje i oppropet den 7. juni frå Tromsø er nemnt noko om fullmakta eller om det som blei sagt under Stortingaustet i Elverum at Konge og riksstyre kunne komá til å måtte dra ut av landet. Situasjonen ga Konge og riksstyre all tarvande Fullmakt.

Fyrste gong det ble tale om denne spesielle fullmakt frå Stortinget til riksstyret under riksrådforhandlingane var den 16. juni om kvelden. Dr. Dellbrügge var då heilt ukjent med fullmakt frå Elverumsmøtet. Dette gjeng ogso klart fram av Berggravs referat frå møtet side 10—11.

X Eg hugsar vel at politikarane var

på det reine med at det ikkje var votert over fullmakt i Elverum, og at fullmakta heller ikkje var i konstitusjonelle former. (Referat frå Stortinget i Elverum blei lese opp i plenumsrådet). Men med vilje gjorde ein overfor tyskarane eit nummer av spørsmålet for ved å koddjeane at fullmakta fall burt. Å vinne foremoner i kongespørsmålet.

I Bind III side 29 er det peika på at ingen av dei som var med i dei norske rådgjengingar om formiddagen den 17. juni reiste spørsmålet om Stortinget ein kompetanse etter at Elverumsfullmakta var gjeven. Grunnen var at politikarane såg det slik at det som var sagt under møtet på Elverum sjølvsagt ikkje avgrensa Stortingets kompetanse.

Forhandlarane ville ikkje vera med på eit formelt mistillitsvedtak mot riksstyret, fordi det ville vera usmakeleg slik som tilhøva låg til. Når det skulle gjerast eit vedtak om at riksstyret ikkje lenger kunne administrere landet og det samstundes skulle lagast eit nummer ut av det for å freiste sloppe lettare i kongespørsmålet, var alle samde om den form som blei vald.

Fyrst etter at riksrådforhandlingane 17. juni med avsnittet om Elverumsfullmakta var blitt kjent i London, blir det i regjeringsråsegna av 24. juni propagandert med den fullmakt som Stortinget ga riksstyret i møtet i Elverum. Sjølv i Kongens radiotale 26. august, der han ogso referar frå Stortingsmøtet på Elverum, er ikkje noko nemnt om fullmakta. Når det i Bilag Bind III side 14 heiter at Dellbrügge den 6. juni talar om «Elverumsfullmakta», er dette ei karakteristisk anakronisme ut frå det syn på denne fullmakta som propagandaen under krigen førde med seg.

(Meir).